



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Kviknes Hotel, Balestrand

**Møtedato:** 05.12.2014

**Tid:** 09:30-14:30

A. Disse møtte

<b>Faste medlemmar</b>
Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune (leiar) Erling Nesbø, varaordførar Aurland kommune Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune Olav Lunden, ordførar, Leikanger kommune Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune Arild Ingar Læg Reid, ordførar Årdal kommune
<b>Medlemmar</b>
Kjellaug Brekkhus, rådmann Balestrand kommune Karina Nerland, dagleg leiar
<b>Andre</b>
Kåre Træen, seniorrådgjevar Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Gro Rukan, dagleg leiar Framtidsfylket AS Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS Svein Sanden, lufthamnsjef Avinor

B. Innkalling godkjent utan merknader

C. Protokoll frå møtet 12.9.2014 godkjent utan merknader

D. Ordførar Harald Offerdal ønskte velkomen til Balestrand

E. Nummerering av saker vart retta i møtet.

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
<b>24/14</b>	14/2040 <b>Kommunereforma - felles utgreiing</b>
<b>25/14</b>	14/3164 <b>Nasjonal transportplan 2018 - 2027 - lufthamnstruktur</b>
<b>26/14</b>	14/3651 <b>Høring - Akuttutvalgets delrapport</b>
<b>27/14</b>	14/2861 <b>Karrieremesser 2015 - søknad om støtte frå Framtidsfylket</b>
<b>28/14</b>	14/3752 <b>Tiltaksplan for Sogn regionråd 2015</b>
<b>29/14</b>	14/3757 <b>Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd</b>
<b>30/14</b>	14/3758 <b>Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2015</b>
<b>31/14</b>	14/2856 <b>Budsjett 2015 Sogn regionråd</b>
<b>32/14</b>	14/3360 <b>Møteplan for 2015</b>
<b>33/14</b>	14/746 <b>Orienteringssaker</b>

**Sak 24/14**  
**Kommunereforma - felles utgreiing**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek mandat for felles utgreiing om kommunereforma slik den ligg føre.

**Handsaming**

Kåre Træen orienterte om kommunereforma.

Jan Geir Solheim kom med framlegg om nytt punkt under Kva skal utgreiast: Ulike modellar for politisk organisering.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek mandat for felles utgreiing om kommunereforma slik den ligg føre med nytt punkt under Kva skal utgreiast: Ulike modellar for politisk organisering.

**Sak 25/14**  
**Nasjonal transportplan 2018 - 2027 - lufthamnstruktur**

**Tilråding:**

I samband med Avinor sitt utgreiingsoppdrag om lufthamnstruktur set Sogn regionråd av midlar til ei fagleg utgreiing som støttar opp om behovet for Sogndal lufthamn.

Samferdslegruppa disponerer inntil kr 250 000 av regionale utviklingsmidlar for 2015 til arbeidet.

**Vedtak:**

I samband med Avinor sitt utgreiingsoppdrag om lufthamnstruktur set Sogn regionråd av midlar til ei fagleg utgreiing som støttar opp om behovet for Sogndal lufthamn.

Samferdslegruppa disponerer inntil kr 250 000 av regionale utviklingsmidlar for 2015 til arbeidet.

**Sak 26/14**  
**Høyring - Akuttutvalgets delrapport**

**Tilråding:**

Sogn regionråd sluttar seg til fråsegn til akuttutvalets delrapport slik den ligg føre.

**Vedtak:**

Sogn regionråd sluttar seg til fråsegn til akuttutvalets delrapport slik den ligg føre.

**Sak 27/14**

**Karrieremesser 2015 - søknad om støtte frå Framtidsfylket****Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Trondheim, Oslo og Bergen i 2015.

**Vedtak:**

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Trondheim, Oslo og Bergen i 2015.

**Sak 28/14**

**Tiltaksplan for Sogn regionråd 2015****Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek tiltaksplan for 2015 slik den ligg føre.

**Handsaming**

Petter Sortland kom med innspel om følgjande nye punkt:

**Utdanning, skule og kompetanse**

Under strategiar (som første punkt):

Sikre og vidareføre eksisterande strukturar i vidaregåande opplæring

**Samferdsle**

Under tiltak:

Vegutbetringar på strekninga Tronvik – Ulvåna på Fv 55

Kombinert pendlar- og skulebuss for Balestrand og Høyanger

**Helse**

Under strategiar:

Bygge opp om og utvikle tenester og kompetanse knytt til Helse Førde sin institusjon på Tronvik, særleg knytt opp mot fagfelte psykiatri og rus.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek tiltaksplan for 2015 slik den ligg føre og ber RUP-gruppa innarbeida innspela som kom i møtet i planen.

**Sak 29/14**  
**Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2015 slik den ligg føre.

**Handsaming**

Administrasjonen orienterte om tilbakemelding frå fylkeskommunen: Det bør framgå av avtalen at Sogn regionråd skal bidra til å nå felles mål i gjeldande regionale planar. Dei mest aktuelle regionale planane er verdiskapingsplanen og regional plan for folkehelse.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2015 slik den ligg føre med tilføyinga frå fylkeskommunen.

**Sak 30/14**  
**Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2015**

**Tilråding:**

Sogn regionråd skal ha desse arbeidsgruppene:

- 
- 

Representantar i gruppene er:

- 
- 

**Handsaming**

Harald N. Offerdal kom med framlegg om å vidareføra arbeidsgruppene utan endringar.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vidarefører arbeidsgruppene utan endringar.

**Sak 31/14**  
**Budsjett 2015 Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2015 slik det ligg føre.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2015 slik det ligg føre.

**Sak 32/14**  
**Møteplan for 2015**

**Tilråding:**

Møteplan for 2015:

Regionrådsmøte:

23. februar

6. mai

19. juni

18. september

30. oktober

4. desember

Ordførarsamling:

19. mars

Temadag:

20. mars

Felles formannskapsdag:

23. oktober

Møte for interkommunale selskap:

24. april

16. oktober

**Handsaming**

19.3. kolliderer med KS-samling.

Det kom med framlegg om å leggja februarmøtet til karrieremessa i Bergen 26.2.

## **Vedtak:**

Møteplan for 2015:

Regionrådsmøte:

26. februar

6. mai

19. juni

18. september

30. oktober

4. desember

Felles formannskapsdag:

23. oktober

Dato for ordførarsamling og temadag vil bli fastsett etter møtet.

Møte for interkommunale selskap:

24. april

16. oktober

## **Sak 33/14 Orienteringssaker**

1. Leiar
  - IS Fjordvegen Rute 13 blir invitert til å orientera om selskapet
2. Innspel frå medlemmane:
  - Attføringstenester: Sogn regionråd har sendt fråsegn til forskriftsendringa. Ordninga skal konkurranseutsetjast. Det kan vera aktuelt å utarbeida fråsegn som går til rådet for tilslutting.
  - Postlova: Forslag til ny lov er på høyring med frist 26.1.2015. Det vert utarbeidd fråsegn som går til rådet for tilslutting.
3. Arbeidsgruppene vil arbeida med følgjande tema:
  - Helsegruppa: Akuttutvalgets delrapport
  - Næringsutvikling-/RUP-gruppa: Strukturendringane
  - Samferdslegruppa: Lufthamnstruktur og aust-vestsambandet.
4. Programstyret for «System for styrka læring»: Handlingsplanen for 2015 er vedteken i programstyret i møtet 28.11.2014.
5. Rådmannsgruppa:
  - Interkommunal skogbrukssjef: kommunane tek stilling til interkommunalt samarbeid
  - Kommunereforma

6. Administrasjonen
  - PPT-organiseringa: Fylkeskommunen er med i styringsgruppa og arbeidsgruppa. Saka går til regionrådet og kommunane i februar-mars.
  - Postombering i distrikta: Jf sak i regionrådet 12.9. Bebuarane i Telemark vann saka i lagmannsretten.
7. Dagleg leiar Gro Rukan ved Framtidsfylket orienterte om karrieremesser og profileringskanalen [framtidsfylket.no](http://framtidsfylket.no).
8. Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord AS orienterte om status og planar:
  - arbeidsdelinga mellom Visit Sognefjord og næringa/kommunane
  - gjensidige forventningar mellom Visit Sognefjord og kommunane
  - organiseringa av turistinformasjonane
  - marknadsbidraga frå kommunane
  - vinterturisme
9. Lufthamnsjef Svein Sanden, Avinor orienterte om utviklingsplanane ved Sogndal Lufthamn Haukåsen og profilering av kommunane på flyplassane. Avinor ønskjer å ta ned kommuneplakatane. Kommunane kan profilera seg på andre måtar.

### **Skriv og meldingar**

1. Rovviltforvaltninga i region 1 og 3 - fråsegn til Klima- og miljødepartementet, 17.9.2014 og svar frå departementet 7.10.2014. Referert.
2. Regionale ruteflygingar frå 1.4.2016 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 22.9.2014. Referert.
3. Nytt inntektssystem for fylkeskommunen – til HAFS, Nordfjorderrådet og Samarbeidsforum i Sunnfjord, 29.9.2014 og utvida kompensasjonsordning for fylkeskommunane, brev 17.11.2014. Referert.
4. Ny akuttmedisinforskrift – fråsegn til Helse- og omsorgsdepartementet, 30.9.2014. Referert.
5. Partnerskapsavtale for styrka psykiske helse i barnehagar og skular, 3.10.2014. Referert.
6. Struktur i høgare utdanning – fråsegn, 11.11.2014. Referert.

Harald N. Offerdal  
leiar

Olav Lunden

Ivar Kvalen

Karina Nerland  
dagleg leiar